


EINING FOR INNVANDRING OG INTEGRERING



Kven er vi som arbeider i Eining for innvandring og integrering?

Einingsleiar, avdelingsleiar for einslege mindreårige flyktningarr, to programrådgjevarar, rådgjevar for økonomi og sørvis, miljøterapeutar og miljøarbeidarar.

21 tilsette frå 9 ulike land:

Iran, Irak, Afghanistan, Eritrea, Gambia, England, Australia, Somalia og Norge.

Eininga vart oppretta 1. oktober 2016.

BUSETTINGAR

- 2015: 39 personar
- 2016: 17 personar, inkl. 4 EM hittil i år
- 2017: Vedtak på busetting av 15 personar, inkl. 3 EM
- Familiesameiningar kjem i tillegg til busettingar
- Vi har to bufellesskap for einsleg mindreårige flyktningar.

Målsetting

- Flyktningane skal sjølvstendigjjerast. Tilegne seg kunnskap og få mogelegheit til å vere aktive deltakarar i det norske samfunnet. Denne målsettinga vert det arbeidd mot gjennom busetting, rettleiing, miljøarbeid og tilrettelegging av introduksjonsprogrammet

Retningslinjer

- Avklarer tidleg forventningane til deltakarane - fokus på kvalifisering
- Tidleg avklaring om deltakaren ønsker utdanning eller arbeid
- Målretta rettleiing med informasjon om ulike mogelegheiter:
- vidaregåande skole, høgskoleutdanning
- godkjenningar og opptakskrav
- arbeidspraksis, AMO-kurs, jobbsøk

INTRODUKSJONSPROGRAMMET

- Per i dag er det 45 aktive deltakarar i introduksjonsprogrammet i Aukra kommune.
- 4 deltakarar går grunnskole for vaksne som ein del av programmet

INTRODUKSJONSPROGRAMMET

- Introduksjonsprogrammet skal, som eit minimumskrav, tilby opplæring i norsk og samfunnskunnskap til nykomne flyktingar. Programmet må innehalde integreringstiltak som førebur til vidare utdanning eller arbeid. Kommunane har ansvar for å gjennomføre introduksjonsprogrammet. Nykomne flyktingar har rett og plikt til deltakelse
- Aukra kommune tilbyr heildags introduksjonsprogram i inntil to år, med mogelegheit for utviding til inntil tre år (for dei med liten skolegang frå heimlandet). Føremålet med introduksjonsprogrammet er å gi grunnleggjande ferdigheiter i norsk, innsikt i norsk samfunnsliv, førebu og kvalifisere til deltaking i yrkeslivet. Introduksjonsprogrammet gir flyktingane eit grunnlag til å bli økonomisk sjølvstendige
- Personar som deltek i programmet, har krav på introduksjonsstønad. På årsbasis er introduksjonsstønaden på to ganger folketrygda sitt grunnbeløp

INTRODUKSJONSPROGRAMMET

- Molde Voksenopplæring står for introduksjonsprogram på fulltid
- Det er tett samarbeid mellom eininga og vaksenopplæringa.
- Frå 1. august 2017 startar Aukra kommune med eiga vaksenopplæring.

TILRETTELAGT UNDERVISNING

- Vi skil mellom skoleretta og arbeidsretta løp.
- **Skoleretta løp:**
- Norskundervisning 20 t per veke
- Samfunnsfag
- Basisfag - engelsk og matematikk
- Grunnskoleopplæring fulltid
- Bergenstest (dersom tilstrekkeleg nivå)
- Skoleretta innføring

Grunnskole for vaksne

- Molde kommune tilbyr grunnskole som ein del av introduksjonsprogrammet
- Grunnskoleløpet går over 2 år. Eksamen vert halde år 2.
- Det vert undervist i norsk, engelsk, matematikk, samfunnsfag og naturfag
- Besøk ved videregående skolar
- Besøk av leiing og lærarar ved videregående skolar
- Erfaringsutveksling mellom nåværande og potensielle elevar ved videregående skolar

Undervisning utført av Eining for innvandring og integrering

- Eining har ansvar for 2 timar undervisning kvar veke. Vi underviser i aktuelle tema som arbeidslivskunnskap, bustadkarriere, helsefag, leksehjelp og nybegynnarkurs.
- Temakurs for nybegynnalarar vert halde i samarbeid med eksterne føredragshaldarar som til dømes politi, krisesenter, tannpleiar, forsikringselskap, helsesøster, bustadkontor, Husbanken, søppelsortering, skatteetaten med fleire.

- **Arbeidsretta løp:**
- Arbeidsretta norsk 20 t pr veke
- Arbeidsretta undervisning
- Praksis 2 dager i veka
- Språkpraksis (MOVO) og arbeidspraksis (NAV) i ordinære bedrifter
- AMO- kurs
- Aukra kommune startar ein arbeidsretta klasse 6. mars 2017. Deltakarane har fått praksis i lokale bedrifter.

Programrådgjevar

- Har ansvar for oppfølging og individuell tilrettelagt rettleiing av den einkilde deltakar i introduksjonsprogrammet
- Kartlegg, informerar deltakaren om rettigheter og plikter, utarbeidar individuell plan og koordinerar kontakt med andre instansar/aktørar som står for kvalifiseringa
- Skriv vedtak ut frå introduksjonslova
- Godkjenner permisjonssøknadar
- Bistår med innsending for godkjenning av dokumentasjon på utdanning
- Ansvar for rettleiing til høgare utdanning
- Kontrollerar fråverslister opp mot Vaksenopplæringa før lønnsutbetaling intro

Miljøarbeid

- Klargjer bustad før busetting
- Første person som møter flyktningen ved busetting i Aukra
- Gjennomfører kontraktsmøte og infomøte
- Har tett oppfølging av flyktningane i høve til:
- Økonomi, - klargjer økonomisk tilskot før busetting, hjelper med søknadar til NAV
- Familie, - heimebesøk, kontaktperson opp mot barnevern
- Helse, - samarbeider med Helsesøster, bestiller fastlege/ legetime
- Skole/ Barnehage, - søknad og oppfølging
- Gir rettleiing i høve til det å bu i Norge

SAMARBEID MED NAV

- Samarbeidsavtale mellom NAV og Eining for innvandring og integrering
- Bruke ressurs i NAV til oppfølging i samband med NAV-tiltak i programmet.
- Lavterskeltilbod
- Tiltakskjeding
- NAV skal tidleg inn i bildet med dei som skal ha arbeidsretting av programmet.

SAMARBEID MED PLO OM UTDANNINGSTILBUD FOR HELSEFAGARBEIDERE

- Kartlegge kven som ønskjer utdanning som helsefagarbeidar og kven som har med kompetanse på feltet.
- Førebuande praksis med tanke på utdanning hausten 2017.
- Samarbeid om praksisplassar og oppfølging av desse.
- Delar av utdanninga kan inngå som ein del av introduksjonsprogrammet.

SAMARBEID MED FRIVILLIGHEITA I KOMMUNEN

Eining for innvandring og integrering samarbeider tett med frivilligheita, kommunale avdelingar og andre lag og organisasjonar.

- Språkkafè
- Leksehjelp
- Open dør

Mange tar kontakt for å bidra med informasjon og aktiviteter, t.d. Bygdekvinnelaget, Romsdalsmusèet, Husflidslaget osv.

INTERNASJONAL VEKE

- I samarbeid med kulturskolen arrangerer Eining for innvandring og integrering ei internasjonal veke i mars (19. – 25. mars). Det vil vere full aktivitet gjennom heile veka med internasjonal kafè på dagtid, temakveldar, Fleire fargar, landinfo for kommunetilsette og ungdomsskoleelevar. Det heile vert avslutta med ein stor fest på laurdag, der publikum blir tatt med på ei reise verda rundt gjennom kultur- og smaksopplevingar.

Samarbeid med lokalt næringsliv

- Eining for innvandring og integrering ønskjer eit tett samarbeid med lokalt næringsliv, og dette vil være eit av fokusområda framover. Eininga har et stort behov for språktreningsplasser og arbeidspraksisplasser.
- Vi har allerede vore på fleire bedriftsbesøk og samarbeider med Aukra næringsforum.

Utfordringar i integreringsprosessen

- Kommunikasjon – språk. Betre å spørje ein gang for mykje enn ein gang for lite
- Maktesløyse og forventningar frå familiemedlemmar i opprinnelsesland
- Systemforståing. Papirsamfunnet – forståing av og fristar for søknad og innlevering
- Manglande tillit til systemet og hjelpeapparatet (t.d. ved underskrift)
- Praksis (religion – «Haram»); lån, stipend, mat og klede)
- Løgn – kulturelt høflegare å lyge?
- Kulturmøtet: Balansegang mellom press og oppfordring i integreringsprosessen
- Tilvenning til norsk dagligliv – straumforbruk, komfyr, vaskemaskin, husvask m.m.
- Ver – snø og regn
- «Inch Allah», – styring i eige liv. Tidsperspektiv: Tida kjem/ tida går?
- Traumer, opplevingar frå krig og konflikter
- Framandfrykt (frå både etnisk norske og flyktningane sjølve)

Suksessfaktorar i integreringsarbeidet

- Tilpasse tenesten og introduksjonstilbudet, - skreddersy individuell tilrettelegging så godt som mogeleg. Tidleg avklaring av deltakaren si målsetting
- Tett og god oppfølging av deltakarane. Oppfølging i team. Omfavn heile mennesket (skole, arbeid, fritid, familie, venar)
- Mogelegheit for opparbeiding av avspasering/ fleksitid via integreringstiltak
- Ressurspersonar/ førebilde fra heimlandet
- Tett samarbeid mellom vaksenopplæring og flyktingteneste. Kreativitet, nytenking og utvikling
- Fulltidsprogram
- Målretta arbeid med sjølvstendig bustadkarriere for flyktningar
- Etablere felles haldning, krav og forventning
- God samarbeidsrelasjon mellom eininga, NAV og øvrige sektormyndigheiter
- Spisse kvalifiseringa mot det lokale arbeidskraftsbehovet
- Erfaringsutveksling med andre kommunar

Måloppnåing

- Deltakarane skal gå over i utdanning eller arbeid etter avslutta program
- Regjeringa si målsetting er at 55 prosent av deltakarane skal gå direkte over i arbeid eller utdanning etter avslutta program

EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR

Teia bufellesskap:

4 gutar, to frå Eritrea og to frå Afghanistan i alderen 13-15 år.

Rød bufellesskap (opning ca. 1. desember):

3 gutar frå Afghanistan i alderen 12-14 år

TILSETTE I BUFELLESSKAPA

- Det er 8 tilsette i kvart bufellesskap.
- Dei tilsette går i langturnus, 2 døgn på 7 døgn fri, 2 døgn på 7 døgn fri og 3 døgn på 7 døgn fri.
- Turnusen blei godkjent i tvistemøte hos Fagforbundets kompetansesenter i Trondheim 4. oktober 2016.

SAMARBEID MED BARNEVERN/VERGE

- Alle einslege mindreårige flyktningar i Aukra kommune har vedtak i barnevernet, og det er tett samarbeid mellom eininga og barnevern.
- Alle dei einslege mindreårige har fått oppnemnt verge som representerar dei mindreårige sine interesser.

FRITIDSAKTIVITETAR

- Kvar einsleg mindreårig flyktning får vere med på to fritidsaktivitetar. Den eine aktiviteten skal vere ein lagidrett.

SAMARBEID

- For å lukkast i arbeidet med einslege mindreårige flyktingar, er eininga heilt avhengig av eit godt samarbeid både med skole, helsestasjon, idrettslag, foreldre og friviljuge organisasjonar.

INNSPEL

- Kva tenkjer de skal til for å lukkast med integreringa både av einslege vaksne, familiar og barn?